

Nr. 2-2020, årgang 55

KYRKJEBLAD

For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen





Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITESEID

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
www.kviteseid.sokn.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Håkon Heggtveit
Mobil tlf: 91 18 37 50



Kyrkjeverje
Kristen Salmelid
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Jan Haugen
Mobil tlf: 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Sokneprest
Møyfrid Lunde
Kontor tlf: 35 06 81 32
Mobil tlf: 46 90 72 31
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



**Trusopplærar og
kyrkjelydssekretær**
Knut Ove Lofstad
Kontor: 35 06 81 28
Mobil tlf: 99 61 65 26
tru@kyrkjetrappa.no



Organist
Olav Holm
Mobil: 93 40 11 56
organist@kyrkjetrappa.no



Prostidiakon
Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.
Framsida: Victoria, foto: Olav Mosdøl
Utforming og trykk: Erik Tanche Nilssen AS

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 88041 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

Andlet til andlet

Av sokneprest Møyfrid Lunde

Det gjer ein skilnad å sjå kvarandre andlet til andlet. Vi kan snakke i telefonen, og vi kan kommunisere via sosiale medier. Men det å sjå og bli sett er noko meir. Det er ei større kraft i det. Då institusjonane for eldre og sjuke vart stengde for besøk i vår, var det rørande å sjå døme på kor langt nokon ville gå for å sjå sine nærliggende. Ein son kom med ein fluktstol og sat på utsida av vindauge til faren kvar dag medan han snakka med han i telefonen. Nokre lånte lift for å komme i augehøgde til mora i andre etasje for å gratulere henne på bursdagen.

Har du tenkt på at Gud har eit andlet? I velsigninga Han påla Moses at Aron og sønene skulle nytta, heiter det: «HERREN velsigne deg og vere deg! HERREN la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig! HERREN lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred!» (4. Mos 6,24-26) Andletet hans gjer ein skilnad for oss. Han ser på oss med kjærleik og nåde i blikket. Det formidlar tilgjeving og fellesskap.

Eg trur at mange denne sisten våren har søkt Gud på ein eller annan måte. Mange har sett ei gudsteneste på tv eller internett. Mange har nytta seg av dei mange digitale tilboda. Eg trur og at nokon har henta fram ein gammal Bibel, ei bøn eller eit salmevers for å soke trøyst, hjelp, tryggleik og fellesskap med noko større enn seg sjølv. Sjølv har eg denne sommaren tatt meg meir tid til å stoppa



innom mange av dei gamle kyrkjene som ligg langs vegen. Dei er handfaste teikn på den djupe kjærleiksrelasjonen det er mellom oss menneske og Gud.

Gud har vist oss sitt andlet. «Ingen har nokon gong sett Gud, men den einborne, som er Gud, og som er i fanget til Far, han har synt oss kven han er.» (Joh 1,12) Gud har rokka himmel og jord for å komme i augehøgde med oss menneske. Slik gjorde Jesus kjærleiken hans synleg og tilgjengeleg midt i livet vi lev her i verda.

Han har synt oss sitt andlet, og han vil at vi skal syne oss for han på same måte. Gud er ikkje ein vi kan spionere på på avstand, slik Sakkeus prøvde på frå morbærtreet. I Jesus vart han sjølv både fornekta og forrådt, men han møter oss likevel med vilkårslaus kjærleik.

Koronatida er utfordrande for mange. Samstundes har den gitt oss eit høve til å vere nærverande i våre eigne liv på nye måtar. Og i vårt eige nærvær kan vi fornemme Guds nærvær. Våg å syne ditt andlet!

Kyrkje i ei annleis tid

Då heile samfunnet vårt stengde ned, måtte vi finne andre måtar å vere kyrkje på.

Gudstenestearbeid: Kyrkjene i Øvre Telemark samarbeidde om å legge ut daglege andaktar og forenkla gudstener på facebook. På laurdagane la vi ut sundagens tekst lest frå ein stad i kommunen. Vi kunne òg minne om sundagens takkoffer og oppfordre til å vipse ei gåve. Her delte vi òg bøner, og fasteaksjonen i samarbeid med konfirmantane.

I påska samarbeidde vi med dei andre kyrkjessamfunna i Kviteseid om å streame gudsteneste kvar sine dagar på kanalen «påske i Kviteseid». 17. mai bidro vi til 17. mai-programmet som var streama på kommunens side.

Pinsedag inviterte vi til drive-in-gudsstenesta ved Sundvang. Gudstenesta vart overført til Hjalarhornet nærradio.




Frå drive-in-gudsstenesta ved Sundvang

Andre kyrkjelege handlingar: Vi har hatt eigne dåpsgudstenester. Først bare med nokre få til stades, seinare for heile dåpsfølgjet. Eit brudepar vart vigd ved Sagahylen med berre presten og to vitne til stades. Mest spesielt har det

vore å måtte setje grense for kor mange som kan vere til stades ved gravferd.

Trusopplæring: Konfirmantane gjennomførte fasteaksjonen digitalt og har hatt gruppесamlingar med filming av samtale i staden for samtalegudstene-ste. Dei deltok òg på påskevandring som var hengt opp rundt tre av kyrkjene i soknet. Vi sendte ut brev med påskeklistrebok og biletbingo m.m. til familiær med born mellom 2 og 8 år. Frå Kristi himmelfartsdag og over pinse kunne ein delta på sporløype langs gangvegen til Ågapet. Trusopplæra-ren har brukt instagram til kontakt med ungdommar.



Vinnarane av sporløpet: Reidun Nøstrand og Johanna Nøstrand Danielsen

Diakoni: Besøksvener har brukt telefonen i staden for å gå på fysisk besøk. Til bebuarar på Lundenjordet, KOS og Midtsundtoppen filma vi ei påskesamling i Kviteseid kyrkje som dei kunne sjå heime. I mai og juni fekk vi ha andaktssamlingar både på plassen utanfor KOS og på verandaen på Midtsundtoppen.

Sjølv om vi har fått prøvd oss i ulike kanalar, har mange sakna fellesskapet. Vi er glade for å kunne opne dørene for fysisk fellesskap att.

Tekst: Møyfrid Lunde

«Eg gler meg til å arbeide i Kviteseid»

Det seier Knut Ove Tufte Lofstad (33). Han er son av Sigrid og Ove Lofstad og vaks opp på Lauvstad-feltet i Kviteseid-byen. No har han fullført mastergrad i 'ledelse og menighetsutvikling' ved Ansgar høyskole i Kristiansand. Den 1. august byrja han i stillinga som trusopplærar i Kviteseid.

Kva har du drive med tidlegare?

«Eg er interessert i ulike ting, og det tok tid å finne kva retning eg skulle ta, så eg har studert fleire fag, samfunnsfag, historie og filosofi, men så valde eg å gå inn på teologien. Fyrst tok eg bachelor-grad og så master. Og så har eg hatt forskjellige jobbar ved sida. I fem år har eg jobba med psykisk utviklingshemma på ein bustad i Kristiansand. Eg trivst veldig godt med å hjelpe og glede andre.»

I oppveksten hørde Knut Ove til på Betel. Fyrst var det sundagsskulen, og så vart han speidar. «Rune Draugedalen var leiar, og eg lika meg veldig godt i speidaren», fortel han. I Kristiansand har han vore med i ulike aktivitetar på Ansgarskulen og i byen.

Men no ville du altså til Kviteseid.

Kva førte deg hit?

«Eg ville gjerne ha jobben som trusopplærar, og så er Kviteseid ei fin bygd med mange trivelege menneske. Eg kjenner meg heime her, og så er det fin natur her.»



Og korleis blir det å vere trusopplærar?

«Eg gler meg til å kome inn i arbeidet. Det ligg meg på hjarta å dele evangeliet om Jesus, og så likar eg å arbeide med born og unge. Eg er spent, det er eg, men eg trur det skal gå bra.»

Den kristne trua har ikkje alltid vore sjølvsagt for Knut Ove. «Eg har hatt periodar med sterkt tvil, og har streva med mange vanskelege spørsmål. Det er ein av grunnane til at eg ville studere teologi. Eg ville grave djupare og prøve å forstå. No har eg kome meir til ro, eg er trygg på at det eg trur på, er sant.»

Har du andre interesser, hobbyar?

«Eg har ein gammal motorsykkel, og så er eg veldig glad i friluftsliv. I sommar gjekk eg gjennom skog og over fjell frå Gvarv til Kviteseid. Det var ein fin tur.»

Tekst: Øyvind A. Jørgensen

BARNAS SIDE

Finn 5 feil

David var ein gjetargut som Gud valde til konge over Israel. Dei to bileta er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?

Teikning: Kari Sortland

Fargelegg!

Teikning: Kari Sortland

David laga mange songar som står i Bibelen.



Finn namn på 10 edelsteinar!

I rutenettet under har vi gjøymt namna på 10 edelsteinar. Namna står bortover frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

I	S	K	R	Y	S	T	A	P
K	A	O	S	B	E	R	G	Y
O	F	P	Ø	R	U	B	I	N
D	I	A	M	A	N	T	U	T
R	R	L	U	R	E	R	I	E
O	K	S	M	A	R	A	G	D
M	J	A	T	T	O	P	A	S
P	A	G	A	T	M	U	R	L
E	D	I	A	M	R	A	V	I
T	E	P	P	E	R	L	E	P

Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement
på sondagsskolen.no
eller 2208 71 00




VITSAR

- Pappa, kvifor gifta du deg med mamma?
- Fordi mor di er ei helt spesiell kvinne.
- Korleis då?
- Ho var den einaste som ville ha meg.
- Eg klarer ikkje å sove når eg har drukke kaffi!
- Så rart! Med meg er det omvendt: Eg klarer ikkje å drikke kaffi når egsov.

Trusopplæring for born og unge

Vi er glade for at det er eit breitt tilbod for born og unge som veks opp i kommunen vår. Oppvekstvilkåra for born og unge er eit felles ansvar. Ved dåpen får kyrkje-lyden saman med foreldre, fadrar og heile kyrkja del i eit særskild ansvar for å «visa omsorg for dei døypte, be for dei, lære dei sjølve å be og hjelpe dei til å brukha Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.» Korleis gjer vi dette, lurer mange på.



TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

Det er mange år sidan kristendomsundervisninga på skulen var å rekne som kyrkja si dåpsopplæring. Den viktigaste trusopplæringa skjer som før i heimen, men som kyrkje ynskjer vi å legge til rette for læring også i fellesskap med andre. På dei neste sidene finn de slike tilbod for born og unge her i soknet.

Mykje er drive av frivillige knytt til ulike organisasjonar, og noko i regi av kyrkja. Håpar de finn noko som passar for dykk!

Invitasjon til utdeling av dåpsgåver, utdeling av 4-årsbok, adventstreff for 5-åringar, tårnagenthelg og Lys Vaken kjem i posten til dei som er medlemmer i Den norske kyrkje. Men tilboda er opne for alle born. Vil du at borna dine òg skal få invitasjonar som gjeld for deira aldersgruppe, er det berre å ta kontakt med vår nye trusopplærar, Knut Ove Lofstad.

Kontaktinformasjon til dei ulike gruppene:

Småbarnstreff med babysong:
Ellen Eggebø Jore, 971 07 707.

Sundagsskule:
Knut Ove Lofstad, 996 16 526

Barnegospel:
Liv Solveig Liiodden Sørbø, 984 34 415

Idrettsgrupper:
Ellen Eggebø Jore, 971 07 707.

Unge Røyster:
Elise Foldøy, 990 43 567.

Yngres i Vrådal:
Astrid Breivik, 922 99 314.

Kviteseid Soul Children:
Olav Holm, 934 01 156.

Småbarnstreff med babysong (0-3 år)

är) er eit tilbod for born i fylge med foreldre/besteforeldre. I songstunda syng me og brukar ulike regler saman med borna. Det vert servert enkel lunsj, kaffe og te.

Tid: torsdagar kl. 11.00-13.00.

Songstund kl 11.30. Lunsj kl 12.00

Stad: Misjonshuset i Kviteseid

Utdeling av dåpsgåver (1-3 år etter dåp)

På ei gudsteneste på våren inviterer vi dei som blei døypte for 1, 2 og 3 år sidan. Borna får utdelt gåver som kan brukast i heimen.

1-åringar får cd-en «Nå lukker seg mitt øye»

2-åringar får «Bibelboka mi»

3-åringar får cd-en «Hvem har skapt alle blomstene?»

Sundagsskule (2-10 år)

Me tenner ljós, syng saman, høyrer forteljingar frå Bibelen og gjer ulike aktivitetar.

Tid: ca ein sundag i månaden under gudstenesta kl. 11.

Stad: Barnas kapell i Kviteseid kyrkje.

Utdeling av 4-års bok

På hausten inviterer me dei som fyller 4 år til hausttakkefest, der dei får utdelt 4-årsboka og ei aktivitetsbok. Før gudstenesta har me ei samling for borna i fylge med vaksen. Me gjer oss kjent i kyrkja, syng, leikar og har aktivitetar.

Adventstreff for 5- åringar

Før advent inviterer me alle som fyller 5 år til ei gudsteneste. Der får dei utdelt ein adventskalender. Før gudstenesta har me ei samling for borna i fylge med vaksen. Me viser korleis ein kan bruke adventskalenderen i heimen, med forteljing, song og leik.



Barnegospel (5-8 år)

Me øver på Misjonshuset i Kviteseid, annankvar torsdag kl. 17-18. Av og til opptrer me på gudstenester eller andre arrangement. Velkommen til songglede, andakt, leik og litt å bite i.

Idrettsgruppe (1.-4.klasse)

Bli med å ha det moro med ulike idrettar og leikar! I pausen har me andakt. Annankvar tysdag kl. 17.30-18.30 i gymsalen på Kvitsund Gymnas.

Kontingent kr.50 for kvart skuleår.

Tårnagenthelg (3.-4. klasse)

Tårnagenthelg vert arrangert ein laurdag ettermiddag og sundag føremiddag mellom jul og påske annakvart år.

Borna får agentbevis, løyser oppdrag og mysterium gjennom bibelforteljing, utforsking av kyrkjebygg og kyrkjetårn. Neste gong er i 2021.



Unge Røyster (4.-7. klasse)

Er du glad i å syngje, vere sosial, tulle og tøyse, leike, finne på ting saman? Ja, då er dette rette aktiviteten for DEG. Me øver på misjonshuset annankvar måndag kl. 17-18.

Idrettsgruppe (5.-7. klasse)

Bli med å ha det moro med ulike idrettar og leikar i gymsalen på Kvitsund! I pausen har me andakt. Samlingane er annankvar tysdag kl. 17.30-19.00.

Kontingent kr.50 for kvart skuleår.

Lys Vaken (5.-6. klasse)

Annakvart år inviterer me til eit overnatningsopplegg i kyrkja den første adventshelga. Neste gong er i 2021.

Yngres i Vrådal (4. klasse og oppover)

Annankvar tysdag i vinterhalvåret (etter haustferien) er det yngreskveld på Straumsnes skule. Her er det andakt, tid til ulike aktivitetar, spel og god mat.

Kviteseid Soul Children (7.-10. klasse)

Velkomen til ein verkstad for song, dans og musikk. Øvingar annankvar tysdag kl. 18-19.30 i musikkrommet i Kviteseidhallen.

Idrettsgruppe (8.-10. klasse)

Idrettsgruppa er for deg som likar ballspel og leik. Me samlast annankvar torsdag i gymsalen på Kvitsund gymnas, kl. 18-19.30. Me spring, leiker, spelar ball og har det moro saman. Midt i økta har me andakt.

Kontingent kr.50 for kvart skuleår.



ØNSKET & ELSKET

Ønsket og Elsket er vårt felles ungdomsarbeid i Den norske kyrkja i Øvre Telemark prosti.

Konfirmantane våre deltek på felles leir og konfirmanttreff i regi av Ønsket og Elsket. Dei får òg tilbod om å vere med vidare i eit opplæringsprogram for ungdomsleiarar. Som ungdomsleiar er ein med som leiar på alle arrangementa for konfirmantane. I tillegg er det eigne samlingar, turar og leifar for dei gjennom året.

Vi ynskjer med dette å gje ungdom gode opplevelingar saman med andre der vi formidlar at alle er ønska og el-

ska, av Gud og i fellesskapet vårt. Det gjer vi ved å skape arenaer der ungdom kan vere saman og ha det gøy, og med stort rom for å dele tankar om Gud og tru. Vi ynskjer å byggje store og robuste fellesskap, med Jesus som eit tydeleg sentrum. Her kan ungdommane få oppleve å vere ein del av noko større, samtidig som det er eit trygt og godt miljø der alle blir sett og er velkomne.

Ungdomsprest Petter Jakobsen er dagleg leiar og hovudansvarleg for arbeidet. For informasjon eller spørsmål om Ønsket og Elsket, kan ein ta kontakt med Petter på tlf. 909 51 409 eller e-post: petter@seljordkyrkje.no



Nytt i soknet



TILSETTE

Ny trusopplærar

Knut Ove Lofstad (33) er tilsett som ny trusopplærar i 50 % fast stilling frå 1. august. Til stillinga ligg òg nokre sekretæroppgåver. Han tek over stafett-pinnen etter Brit Helen Finstad som vikarierte i eitt år for Birgitte Nødland Danielsen. Takk til dei begge for tenesta dei har gjort i stillinga så langt!

Vikariat på kyrkjegarden

Zeliko Miskovic (Misko) har vikariert i 50 % stilling som kyrkjegardsarbeidar sidan februar 2019. To vår og somrar har han hatt full stilling. Han er no tilbake i fast stilling som vaktmeister på Kvitsund og skal det komande året fungera som driftsleiar.

Ny vikar som kyrkjegardsarbeidar frå 1. august er Bjørn Stian Sigurdslid (36).

INVESTERINGS- OG VEDLIKEHALDSPROSJEKTER

Brunkeberg kyrkjetårn fekk i vår nytt

spontak. Aksel Andersen leia det arbeidet og fekk god hjelp av Halvor Bjåland og Mushtaq Aldulaimi. Sponflisene er av malmfurū og saga til av Olav Kvålsgard.

Bårehuset i Kviteseid har no fått ei god utviding i underetasjen med garasjeplass til alt av maskinar, tilhengjarar og køyretøy.

Kviteseid gamle kyrkje vert sett i stand for nye 100 år med utbyting av øydelagd treverk rundt og under taksteinane, og på inngangspartiet (våpenhuset). Til dette har vi fått 60 % finansiering av Riksantikvaren, til saman kr 420.000. Her er det Einar Heggtveit med fleire som står for arbeidet. Kyrkjeklokka same stad skal snart



få svinge og ringje att. Olsen-Nauen klokkestøyperi i Tønsberg restaurerer no opphenget.

Lydanlegg og teleslynge til Fjågesund kyrkje er òg under vegs. Vi venter no på eit klarsignal frå biskopen.

I Vrådal er fleire ting gjort ute på kyrkjegarden. Parkeringsplassen på sør-aust-sida av vegen er rydda og forbetra, og mange gravsteinar er blitt retta litt på slik at kyrkjegarden blir finare å sjå til og lettare å vedlikehalde.

Nytt stort prosjekt under planlegging er reperasjon av innvendig tak i Brunkeberg kyrkje. Lange bjelkar i taket har dei siste tiåra sige merkbart. Dette skal reparerast og sikrast for framtida, men er eit stort og omfattande arbeid. Til dette har Riksantikvaren 1. juni i år løyva inntil kr 840.000 over statsbudsjettet (60 % finansiering). Dette er planlagd for 2021.

TAKK FOR GÅVER

Så langt i år har vi fått inn kr 14.350 i gåver. Hjarteleg takk! Sjølv om mykje arbeid vert gjort på dugnad, har kostnadane likevel passert 25.000 før dette nummeret vart laga.

Fasteaksjonen vart i år utan besøk av konfirmantar med bøsser på dørene. Det vart likevel gjeve kr. 31.819 over bank og vippes.

Med færre gudstenester er det sjølvsagt

gitt mykje mindre i takkoffer. Det har vi merka når det gjeld eigne føremål som kyrkjelydsarbeid og trusopplæring. Men endå meir har det gått ut over dei mange organisasjonar og gode tiltak vi samlar inn til. Heile 60.000 kr er likevel gjeve i offer dei fyrtse seks månadane i år.

I slike tider er det ekstra kjærkome med alle som gjev faste månadlege gåver med automatiske banktrekk eller med AvtaleGiro. Med kr 5050 kvar månad er det til og med juli kome inn over 35.000 kr på denne måten. Det går til diakoni og arbeid blant born og unge i Kviteseid. Vil du òg vere med på dette? Eller har du lenge tenkt på det, men ikkje fått ordna med det? Be om å få tilsendt eit skjema for AvtaleGiro, eller fyll det ut sjølv på www.kviteseid.no. sokn der du under MENY finn valet Gi ei gáve.

NYTT FRÅ SOKNERÅDET

Gravplass for muslimar

Soknerådet har vedteke å etablera ein eigen liten gravplass for muslimar. Det er for å respektere gravskikkane til desse, og fordi gravene skal ha ein litt annan retning. Området som er satt av til dette er for 18 graver langs steinmuren nedst på det nyaste gravfeltet i Kviteseid.

Utleigereglement for kyrkjene er revidert litt. Vi er glade for at lokale konsertarrangørar no slepp å betala grunnleige av kyrkja.

Soknerådet – nokre tankar

Eg har av og til sagt til soknerådsleiarar: «Du veit vel at du har den høgaste posisjonen i kyrkjelyden?» Dei har gjerne blitt litt overraska, for sjølv om alle veit at soknerådet er eit styringsorgan, så er det ganske vanleg å sjå på det som ei gruppe frivillige som mest står for kyrkjekaffi, festar og mykje anna praktisk.

Eg trur det er grunn til å minne om kor viktig soknerådet er. Soknepresten har eit sjølvstendig ansvar for den geistlege tenesta, men om kyrkjelyden elles kan ein seie at soknerådet er det øvste styringsorganet. I Kviteseid, som er eitt sokn, har soknerådet ansvar for og mynde over alt som ligg til soknerådet og fellesrådet i Kyrkjelova. Det skal «vekke og nære det kristelige liv», syte for trusopplæring, kyrkemusikk og diakoni og ta avgjerder om liturgi, offerføremål og bruk av kyrkjene m.m. Soknerådet er også ansvarleg for økonomien, for kyrkjecontoret og for drift og vedlikehald av kyrkjene og kyrkjegardane, og ikkje minst er det arbeidsgjevar for kyrkjeverja, organisten, kyrkjetenarane og trusopplæraren. For prostidiakonen er fellesrådet i Tokke arbeidsgjevar etter avtale mellom dei fem kommunane som har stillinga.

Dette er omfattande oppgåver. Kyrkjeverja har den daglege leiinga av verksemda, er sjef for soknet sine tilsette, førebud sakene til soknerådsmøta og har fagleg kompetanse for drifta. Likeins arbeider alle dei tilsette - og dei

frivillige - med å utføre kyrkja sitt oppdrag, men det er soknerådet som styrer. Det tek avgjerdene og har ansvaret.

Kyrkjelova seier: «Menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsatte i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.» Soknerådet er vertskap, og soknerådsleiaren er ordstyrar og takkar dei tilsette for arbeidet.

Likeeins er det soknerådet som inviterer dei frivillige medarbeidarane i kyrkjelyden til fest og takkar dei for innsatsen. «Frivillig» kallar ein gjerne dei som ikkje er tilsette, både i kyrkja og i samfunnet elles. Men skal vi kalde soknerådsmedlemene «frivillige»? Nei, meiner eg. Dei er tillitsvalde og sit i kyrkjelydens øvste organ. Rett nok skal alle vere tenarar for kvarandre i kyrkja, men samstundes er det ulike roller og oppgåver. Då kan vi i ein viss forstand seie at soknerådet er på toppen av hierarkiet, over kyrkjeverja, dei andre soknerådstilsette og dei frivillige.

Skal soknerådsmedlemene koke kaffi? Det må dei sjølv sagt ha høve til om dei vil. Men vi bør ikkje vente det. Dei bør heller få bruke tida og kreftene til å setje seg inn i lovar og reglar og ta seg av styringa og utviklinga av kyrkjelyden. Så er det godt at vi har kyrkjelydsutval og andre frivillige til å servere kyrkjekaffi og dekkje bord til konfirmantfesten.

Oyvind A. Jørgensen

Utsett konfirmasjon

Dei som skulle stått til konfirmasjon i vår har hatt alternative samlingar siste del av våren. Her er konfirmantane i Vrådal samla til filmopptak utanfor Vrådal kyrkje. Døypefonten er flytta ut i det fri.

Nye datoar for konfirmasjon i haust:
Laurdag 29. august i Kviteseid kyrkje
Sundag 30. august i Vrådal kyrkje
Laurdag 5. september i Brunkeberg kyrkje

Vi skal framleis halde avstand mellom dei som ikkje bur i same husstand. Familiene bør difor sitje samla, og det vil vere mindre plass til andre frå kyrkjelyden på desse gudstenestene. Sjå oversikt over alle gudstenester på baksida av bladet.



Døypte

Kviteseid: Ole Didrik Fosse Didriksen
Sondre Aabø

Vigde

Kviteseid: Isabel Furesund
og Lars Jølle Berge

Døde

Brunkeberg: Ragnhild Anne Gjelstad
Kviteseid: Halvor Meinstad
Hans-Jacob Smith
Knut Dalen
Vrådal: Thore Findreng
Bjørg Edna Karin Karlsen
Andreas Nordbø
Jørgensen

OPPSLAGSTAVLA

Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salme-lid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

Arrangementa i haust er planlagt med etterhald om at smittevernsituasjonen ikkje forverrar seg. Merk dykk dagane, så vil det kome annonse i VTB når det nærmar seg.

Felleskyrkjeleg arbeid:

Songkveld 27. september

Føremiddagstreff

23. september kl. 11
på Misjonshuset

Misjonshuset i Kviteseid:

August

18.08. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Kjell Lofstad

23.08. kl. 11.00

o-100 sundag – Terje Olafsen

25.08. kl. 19.00

Fellesskapskveld – Hadle Hovda

September

01.09. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Bjørn Lauritsen

08.09. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Jens Iver Jensen

13.09. kl. 11.00

o-100 sundag – Sam Tore Bamle

15.09. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Dag Erik Asdahl

22.09. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Knut Bjørn Skyttemyr

27.09. kl. 11.00

o-100 sundag – Nils Jørgen Hardang

29.09. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Olav Mosdøl

Oktober

06.10. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Ole André Eliassen

11.10. kl. 11.00

o-100 sundag – Hans Johan Sagrusten

13.10. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Øyvind Jørgensen

20.10. kl. 19.00

Tysdagsmøte – Terje Olafsen

RETURADRESSE:
KYRKJEKONTORET
KVITESEIDGATA 13
3850 KVITESEID

Gudstenester

AUGUST

Sun 9. 10. sundag i treeiningstida

Luk 5,27-32,
Kilen kapell kl. 11.00.
Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Ofr. Menneskeverd.

Sun 16. 11. sundag i treeiningstida,

Matt 23,37-39
Gapahuken i Morgedal kl. 11.00.
Friluftsgudsteneste. Møyfrid Lunde.
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

Sun 23. 12. sundag i treeiningstida,

Matt 6,24-34
Kviteseid bygdetun kl. 11.00.
Friluftsgudsteneste med dåp.
Møyfrid Lunde.
Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

Laur 29. Konfirmasjonsgudsteneste,

Matt 25,14-30
Kviteseid kl. 11.00. Møyfrid Lunde.
Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

Sun 30. 13. sundag i treeiningstida,

Matt 25,14-30
Vrådal kl. 11.00.
Konfirmasjonsgudsteneste.
Møyfrid Lunde.
Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

SEPTEMBER

Laur 5. Konfirmasjonsgudsteneste,

Matt 20,1-16
Brunkeberg kl. 11.00.
Konfirmasjonsgudsteneste med dåp.
Møyfrid Lunde.
Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

Sun 6. Vingardssundag,

Matt 20,1-16
Kviteseid kl. 11.00.
Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar. Møyfrid Lunde.
Ofr. NKSS.

Sun 13. Inga gudsteneste

Sun 20. 16. sundag i treeiningstida,

Mark 7,31-37
Kviteseid kl. 11.00.
Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Ofr. Russens misjonsprosjekt.

Sun. 27. Hausttakkefest,

1. Kong 17,1-16
Brunkeberg kl. 11.00 Familiegudsteneste.
Presentasjon av konfirmantar, 4-årsbok.
Møyfrid Lunde.
Ofr. Søndagsskolen Telemark.

OKTOBER

Sun 4. Inga gudsteneste

Sun 11. 19. sundag i treeiningstida,

Matt 5,20-26
Vrådal kl. 11.00. Gudsteneste.
Presentasjon av konfirmantar.
Møyfrid Lunde.
Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

Sun 18. 20. sundag i treeiningstida,

Joh 11,1-5
Kviteseid kl. 11.00. Familiegudsteneste.
Møyfrid Lunde.
Ofr. TV-aksjonen
(WWF Verdens naturfond)